


# Fruktbart storbandsamarbeid



**Samspele:** Gisle Torvik (t.v.) og trompet- og flygelhornsolisten Arild B. Nielsen i fint samspele med resten av Hardanger big band og kompet.

**Det er ikkje noko nytt at**  
gitarist Gisle Torvik frå  
Tørvikbygd og Hardanger  
big band (HBB) har funne  
tonen.

Konserten laurdag understreka på

nytt verdien i det kreative samarbeidet, eit samspele mellom profesjonelle musikarar og dugande amatørar som skal munna ut i ny plateinspeling seinare i år.

På konserten i konferansesalen til Thon hotell Sandven fekk me høyra storbandversjonar av låtar frå Torvik sine plateinnspelinger:

tokre frå *Frozen moment* (2009), dei fleste frå *Tranquil fjord* (2013) og nokre nykomponerte låtar som endo ikkje er gjevne ut på plate eller på Internett.

Torvik og HBB, leidde av trompet- og flygelhornsolisten Arild B. Nielsen, framførde mykje av det me kan forventa å høyra

på den nye plata. Såkalla storbandfjordjazz, arrangert spesielt for HBB av Torvik, framførd for fyrste gong.

Konserten var variert, melodios og rytmisk elegant. Me fekk ikkje høyra typisk storbandmusikk, men dynamisk og til tider mediativ jazz. Samstundes kom storbandet til sin rett, med trøkk og tyngd der dei store skifta i fjordlandskapet skulle skildrast. Frå det vare og stille, med gitaren i fokus, til det svingande rytmiske med komplette blåserekker og komp. Fleire av musikarane i storbandet stod fram som solistar, og dirigent og musikalsk leiar Nielsen kasta seg tradisjonen tru inn i musikken som solist på trompet og flygelhorn på ein svært overbevisande måte.

Samspelet fungerte godt. Det har truleg vore krevjande å ova inn nyanske i fjordjazz-uttrykket. Det er ikkje utan grunn musikken til Torvik vert kalla fjordjazz. Han lèt seg inspirera av det vakre

og skiftande fjordlandskapet i Hardanger. Musikken er komponert på heimebane, i Tørvikbygd, og er som skapt for eit storband frå regionen. Komposisjonane krev at bandet må forlata den typiske "bigbandsounnen" og finna vegen ut på ein musikalsk avstikkar. Torvik har funne sitt eige lyriske og varierte jazzuttrykk.

Torvik og HBB var på turné saman i 2011 og 2012, og kjenner kvarandre godt. I 2013 lanserte Norsk jazzforum prosjeket *Musikkentreprenørskap*, der Torvik var mellom dei fyrste som vart plukka ut. Dette resulterte i heilt nye storbandarrangement som både HBB og kulturlivet i Kvam og Jondal får nytta godt av.

Lars Arvid Oma



**Lyrisk:** Gitarist Gisle Torvik frå Kvam fører tilhøyrarane inn i den lyriske fjordjazzen med gitarspel som har vekt internasjonal merksemeld.



**Messing:** Grethe Iversen Lillefosse og Kjell Dysvik på trombone i Hardanger big band.